

Raggle Taggle

7. november 2003 · Haavebua



071103-Ragle-Tagle

Frå arkivet

Haavebua, Lørdag 7. November.

FLORØ: Fredag entra dei irske "sigøynarane" musikkscena i Florø for 6. gong. Med eit energisk sceneshow og ein tornado av festlåtar tok dei publikummet på Haavebua med storm.

Med kjende låtar som "Whiskey in the jar" og "Raggle Taggle Gypsies" og fleire virvelvindar av nokre reelar og jig'ar leverte irane varene. Dansegolviet var fullt frå start til stopp, og dansande, smilande flørøværingar koste seg stort saman med muskarane Kevin O'Connor (fiolin), Brendan Omeihh (vokal, gitar, irsk tromme), Paul Mc Keown, Hernan Podesta og Marcelo Baran.

Kjell Tore Larsen frå Florø var overlukkeleg då han fekk vere med Raggle Taggle på scena og spele saman med dei. Og instrument fekk han låne på kjøkkenet: spiseskeier. Larsen er ein kløppar til å spele med skeier, og etter ein liten oppvarmingsrunde brygga det opp til ein regelrett musikktornado då han og felespelar Kevin O'Connor kappspelte i eit tempo få kunne halde følgje med.

Høgdepunktet under fredagens konsert kom likevel då rockeklubbsjef Tor Hjalte entra scena og framførte "The Wall" av Pink Floyd saman med muskarar frå Raggle Taggle Gypsies. Hjalte piska stemninga opp til kokepunktet, og begeistringa hos publikum ville ingen ende ta. Firdaposten. 11.10.2003 Linda Regina Bruvik



071103-Ragle-Tagle



071103-Ragle-Tagle



HEILE ARKIVET
Skann QR-koden for Rockeklubbens sitt permanente nettarkiv.
rockeklubb.no/arkivet

Kjelde: Florø Rockeklubb sitt originale nettarkiv. Kjelde-ID: 67.